



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## MØTEBOK

### FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Laila Byrkjeland Husa, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Monica Thomassen Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Hilde Koppen og Elisabeth Pedersen Husa.

Ikkje møtt: Martin Karlsen og Stine Waage.

Kommunal representant: fritatt for oppmøte.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 11/24 – 12/24

|                |   |
|----------------|---|
| F 11/24        | <b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ<br/>13.03.2024</b> |
| <b>Vedlegg</b> | Møteboka frå 13.03.2024<br>Innkallinga til møtet 16.04.2024       |
| <b>Vedtak:</b> | <b>Referat godkjent utan merknader.</b>                           |

|         |  |
|---------|--|
| F 12/24 | <b>ORIENTERING</b>   |
|         | <ul style="list-style-type: none"><li>• Møte med kommunen 4. april 2024.</li><li>• Kommune ordne ventilasjon, dagslysbelysning, tidsstyring på varme i sakristi, ekstra budsjett i år på kr. 120.000,- som vi kan bruke på oppgradering av div. behov, tilstandsrapport for vedlikeholdsplan fremover.</li></ul> |

## MØTEBOK

### SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Laila Byrkjeland Husa, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Monica Thomassen Waage og Stein Hugo Fykse.



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Varamedlemmer: Hilde Koppen og Elisabeth Pedersen Husa.

Ikkje møtt: Martin Karlsen og Stine Waage.

Frå kyrjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 11/24 – S 15/24

|                                      |   |
|--------------------------------------|---|
| S 11/24                              | <b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ<br/>13.03.2024</b> |
| Vedlegg:<br>Referat og<br>innkalling | Møteboka frå 13.03.2024<br>Innkallinga til møtet 16.04.2024       |
| <b>Vedtak:</b>                       | <b>Referat godkjent utan merknader.</b>                           |

|         |   |
|---------|---|
| S 12/24 | <b>ORIENTERINGAR</b>  |
|         | <ul style="list-style-type: none"><li>• Oppgåveliste for kyrkjevertar</li><li>• Konfirmantfest 21. mai</li><li>• 50 og 51 års konfirmantfest 25. august</li><li>• Konsertar i kyrkja 9. juni og 19. oktober</li><li>• Oppstart barnekor</li><li>• Vigsling av gravplass 16. juni.</li><li>• Behov for klokkar 19. mai</li></ul> |

|   |   |
|---|---|
| S 13/24   | <b>FJON FJELLKYRKJE: GODKJENNING AV NY EIGARFORM OG<br/>OPPNEMNING AV REPRESENTANT TIL RÅDSMØTET</b>  |
| Vedlegg: 2 stk<br>orienteringsbrev<br>om ny<br>organisasjons-<br>modell | <u>Bakgrunn:</u><br>Det skal vera stiftingsmøte for ny organisasjonsform for Fjon fjellkyrkje 28. mai. Formell eigar skal framleis vera Masfjorden sokn, men samarbeidsinteressene skal bli ivaretatt på den måten at fjellkyrkja vert definert som ei <i>forening</i> . Til no har fjellkyrkja vore eit underbruk av Masfjorden sokn utan eige organisasjonsnr. Dette vert endra ved ny organisasjonsform og vert mykje ryddigare. Dermed vert fjellkyrkja eit sjølvstendig rettssubjekt som vil stå på egne bein. Skulle fjellkyrkja ein gong bli avvikla grunna dårleg økonomi, så vil ikkje Masfjorden sokn bli gjort ansvarleg med den nye organisasjonsforma. Om alle sokna i prostiet skulle hatt interesse i fjellkyrkja organisert som ei stifting, ville det betydd at alle sokna ville blitt ansvarleg for økonomien i fjellkyrkja. Alle sokna i prostia vert altså invitert med vidare i eit tilsvarande samarbeid som før, men med ein ny organisasjonsform. Framover skal det vera eit årleg rådsmøte |



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

|                |   |
|----------------|---|
|                | <p>og det er ønskjeleg at kvart sokn vel ein utsending til dette. Første rådsmøte er altså 28. mai, som også skal vera eit stiftingsmøte. Alle sokna vert oppfordra til å gjera eit positivt vedtak på dette og oppnemna ein representant til rådsmøtet, både det konkrete møtet 28. mai og dei vidare årlege rådsmøta i soknerådsperioden.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u><br/><i>Fedje sokneråd godkjenner endringa av organisasjonsform for Fjon fjellkyrkje til foreining. Utsending til rådsmøtet for å stemma over denne endringa og til å møta på det årlege rådsmøtet vert: Representanten får fullmakt til å representera Fedje sokneråd i avstemminga.</i></p> |
| <b>Vedtak:</b> | <p><b>Fedje sokneråd godkjenner endringa av organisasjonsform for Fjon fjellkyrkje til foreining. Utsending til rådsmøtet for å stemma over denne endringa og til å møta på det årlege rådsmøtet vert: soknerådsleiar Tone Sævi og nestleiar Odd-Arild Torstensen. Representanten får fullmakt til å representera Fedje sokneråd i avstemminga.</b></p>   |

|                               |   |
|-------------------------------|---|
| S 14/24                       | <b>GODKJENNING AV GUDSTENESTELISTA SISTE HALVÅR 2024</b>  |
| Vedlegg:<br>gudstenesteplanen | <p><u>Framlegg til vedtak:</u><br/><i>Gudstenestelista for siste halvår for 2024, vert godkjent slik den ligg føre.</i></p> |
| <b>Vedtak:</b>                | <p><b>Gudstenestelista for siste halvår for 2024, vert godkjent slik den ligg føre.</b></p>                                 |

|         |  |
|---------|--|
| S 15/24 | <b>KYRKJESKIP</b>  |
|         | <p><u>Bakgrunn:</u><br/>Etter innlegget i Kvardag og Helg til påske har pensjonist og tidligere rektor og forfatter av fleire Fedjebøker, Kåre Paulsen, meldt seg som interessert i å bygge eit kyrkeskip til kyrkja, etter modell av RS4 FEIE. RS4 FEIE er ein redningsbåt / losbåt som blei bygd etter restmateriale frå FRAM, og som har vært tilknytt Fedje som losbåt. Bjørn Ådne, kommunen, Tone og Kåre, forsøkte å kjøpa båten for å restaurera den då den var til salgs i 2015, men Bergen kystlag bød over oss, og fekk den. Etter den tid har Kåre Paulsen samlet informasjon om båten, laget teikningar for modell etter originalteikningane, og ønskjer altså no å bygge båten som kyrkeskip. Teikning blir delt ut i møtet.</p> <p><i>Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.</i></p> |



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

|                |  |
|----------------|--|
| <b>Vedtak:</b> | <b>Fedje sokneråd var samrøystes på å vedta at Kåre Paulsen står for bygging av kyrkjeskip til Fedje kyrkje.</b> |
|----------------|--|

|                |  |
|----------------|--|
| <b>S 15/24</b> | <b>DRØFTINGSSAKER:</b>   |
|                | <ul style="list-style-type: none"><li>• Open kyrkje sommaren 2024, bemanning og oppgåvefordeling.<br/>Jostein minikonsert eksempelvis i uke 30 og 31.<br/>Tone uke 26, Monica uke 26, <b>27 og 28</b>, Hilde uke 30, <b>31 og 32</b>, Oddvar og Odd-Arild kan når som helst. Laila har ikkje anledning. Martin var ikkje på møtet.</li><li>• Kvardag og Helg: vidare utvikling av innhaldet.<br/>Leiar har kontaktet skulen om innlegg, tilbakemelding kjem.<br/>Barneside; Stine har ansvar.<br/>Infoside fra soknerådet; leiar har ansvar.<br/>Forslag frå Ingrid om å presentere kommuneadministrasjon.</li></ul> |